

Møteprotokoll

Utval: Verneområdestyre for Stølsheimen
Møtestad: Vossestølen Hotell, Voss, Oppheim
Dato: 04.09.2012
Tidspunkt: 13:00 til 15:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Finden Halset	Leder	VIK

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL	SFFK
Hans Erik Ringkjøb	NESTL	VOSS
Oddvar Østerbø	MEDL	HØY
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA
Henrik Oppen	Karen Marie Hjelmeseter	SFFK

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Tom Dybwad Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (deltok på møte under sak 19/12)
Kristoffer Ullern Hansen SNO, Aurland
Nils Kvamme Naturoppsyn i Stølsheimen
Veronika Seim Bech Landbrukssjef Vik kommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 17/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 18/12	Underskrift av protokoll frå førige møte		
ST 19/12	Stølsheimen landskapsvernområde - tilskot til landskapsplan i Finden		2012/2769
RS 1/12	Notat frå synfaring på stien frå Solrenningane til Alrekstølen 12.juli 2012		2012/3147
ST 20/12	Stølsheimen landskapsvernområde - økonomisk støtte til utbetring av buførevegen til Hallsetstølen		2012/3563
ST 21/12	Stølsheimen landskapsvernområde - namn på verneområdestyre		2012/3491
ST 22/12	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av bru til Ålrekkelva		2012/3147
ST 23/12	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til steinsetting av deler av sti frå Stølsvatnet til Solrenningane		2012/3055
ST 24/12	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til oppføring av uthus på stølen Rotteskardet		2012/3609

Orientering

Tilbakemeldingar på oppstartsmelding for revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde

Det er ikkje kome innspel til oppstartsmelding.

Bestillingsdialogen for 2013, orientering v/Kristoffer Ullern Hansen, SNO

Gjennom bestillingsdialogen med SNO, set verneområdestyret opp budsjett for prioriterte tiltak som skal gjennomførast i verneområdet i 2013. Denne saka kjem opp på møte i verneområdestyret i november. Styremedlemene og andre kan koma med innspel til tiltak til møtet.

Planar for stølen Rappen i Stølsheimen

Sjur Vikøren har planar for restaurering av stølen Rappen i Stølsheimen. Verneområdestyret meiner det er flott at grunneigar ser verneverdien i stølen, og er positiv til tilbakeføring av stølshuset til tradisjonell byggeskikk for området. Styret imøteser ein søknad om restaurering av stølen, der det vert lagt fram meir detaljerte planar for bygget og stølen.

Eventuelt

Midlar til forvaltningsknutepunkt

Sekretær orienterte om utlysing av midlar til utvikling av forvaltningsknutepunkt. Aurland er forvaltningsknutepunkt for verneområda Stølsheimen og Nærøyfjorden. Det

vert søkt om midlar til eit forprosjekt for å sjå på oppbygging av nye informasjonspunkt/senter innan verneområda Stølsheimen og Nærøyfjorden.

Nytt møte i Stølsheimen verneområdestyre 19.november i Vik

Arkivsaksnr: 2012/2769-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 23.08.2012

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	19/12	04.09.2012

Stølsheimen landskapsvernopråde – løyve til tiltak i kaiområdet på Finden og tilskot til landskapsplan i Finden

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyre for Stølsheimen gjev Lars Finden løyve til:

- Tørrsteinsmuring av kaikant ved servicebygget på Finden.
- Gjenopning av sundet og ny bru på Finden.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 (tidlegare pkt. VII i verneforskrifta for Stølsheimen), og gjeld med fylgjande vilkår:

- Tiltaka skal gjennomførast i samsvar med landskapsplan for Finden.
- Sundet skal tilbakeførast til den tilstanden den var før sundet vart stengt, men den djupna som var (årstal?)
- Val av brutype må avklarast med verneområdeforvaltar før denne vert fastsett.

Verneområdestyre for Stølsheim løyver kr. 15 000 i økonomisk støtte til Lars Finden til prosjekteringsutgifter til landskapsplan i Finden. Midlane vert utbetalt så snart rekninga er motteken. Løyvinga står ved lag ut 2012. Midlane vert dekkja over budsjettpost tiltaksmidlar.

Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 04.09.2012

Handsaming i møte:

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Verneområdestyre for Stølsheimen gjev Lars Finden løyve til:

- Tørrsteinsmuring av kaikant ved servicebygget på Finden.
- Gjenopning av sundet og ny bru på Finden.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 (tidlegare pkt. VII i verneforskrifta for Stølsheimen), og gjeld med fylgjande vilkår:

- Tiltaka skal gjennomførast i samsvar med landskapsplan for Finden.
- Sundet skal tilbakeførast til den tilstanden den var før sundet vart stengt, med den djupna som var før.
- Val av brutype må avklarast med verneområdeforvaltar før denne vert fastsett.

Verneområdestyre for Stølsheim løyver kr. 15 000 i økonomisk støtte til Lars Finden til prosjekteringsutgifter til landskapsplan i Finden. Midlane vert utbetalt så snart rekninga er motteken. Løyvinga står ved lag ut 2012. Midlane vert dekkja over budsjettpost tiltaksmidlar.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om landskapstiltak på Finden i Vik kommune, datert 19.06.12

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Utviding av Stølsheimen landskapsvernområde med Finden og Finna fjorden (kgl.res. 16.12.2005)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Stølsheimen landskapsvernområde vart utvida (kgl. res. 16.12.2005) med Finden og Finna fjorden etter ynskje frå grunneigarane på Finden. Finna fjorden utgjer ein sentral del av Stølsheimen landskapsvernområde, og er den einaste staden der landskapsvernområdet går ned i havnivå. Området er prega av urørt natur og eit verdifullt kulturlandskap. Området har stor verdi for alt friluftsliv, særleg fotturar og båtliv.

Lars Finden driv landbruk og reiseliv på Finden. Han har bygt opp reiselivsverksemda til og verta ein viktig del av næringsgunnlaget på garden. Han har tatt initiativ til og få laga landskapsplan for Finden, for og betra landskapsbildet. Landskapsplanen er utarbeid av landskapsarkitekt. Prosjekteringsutgifter med planen er kr. 15 000 inkl. mva. I landskapsplanen er det framlegg til mange utbetringstiltak, men Lars Finden ynskjer i fyrste omgang og prioritera steinmuren frå eksisterande kai inn til sundet, og bru med gjenopning av sundet. Tiltaka skal vera med og forskjønna landskapet på Finden.

Nær fastlandet på Finden var det tidlegare ein holme. Den vart fylt att med massar av førre eigar. Lars Finden søkjer i tråd med landskapsplan om å få opna opp att sundet

mellom holmen og fastlandet, og setja opp bru mellom. Brua er nødvendig for og koma over til holmen for å slå graset på innmarka. Finden ynskjer at det skal vera mogleg og koma under brua med liten båt (robåt og kajakk).

Vurdering

Verneformålet med Stølsheimen landskapsvernområde pkt. III er og «*ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjord-landskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske*». Alle inngrep som vesentleg kan endra landskapets art eller karakter er forbode jf. pkt. IV. Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, som t.d. vedlikehald av sjølve kaien kan gjennomførast utan løyve etter verneforskrifta jf. pkt V, nr. 6, medan steinarbeid langs sjøen må ha løyve etter § 48 i naturmangfaldlova.

Både gjenopning av sundet og større steinarbeid som utbetring/forskjønning av kaikanten inn mot sundet, er eit større inngrep i natur- og kulturlandskapet, og må vurderast som dispensasjon frå verneforskrifta. Etter naturmangfaldlova vart vedteken 19. juni 2009, er verneforskrifta pkt. VII (unntak frå vernereglane) erstatta med § 48 i naturmangfaldlova «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*».

Forvaltar vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og 48:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen og vedtak om utviding av verneområdet med Finden. Skjøtselsplan for Finden er under utarbeiding. Informasjon om tiltaket er gjeve gjennom synfaringar på staden, og landskapsplan som er lagt ved saka. Opning av sundet vil føre til gjennomstrøyming av vatn, og med det opne opp for nytt leveområde for fisk og fugleliv. Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vurdert tiltaket som positivt for fuglelivet på Finden. Kunnskapen om området vert vurdert som bra for og gjennomføra tiltaket.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Det er bra kunnskap om område og tiltaket, og føre-var-prinsippet er difor tillagt liten vekt. Det er lagt strenge føringar på korleis tilbakeføringa til naturleg tilstand skal vera.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Landskapstiltaket med gjenopning av sundet på Finden vil vera med og forbetra naturverdiane og landskapet. Det vil i liten grad forringa naturverdiane.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Arbeid med gravemaskin i sundet kan medføra forureining av sjøen i periodar. Tiltakshavar må ta naudsynt omsyn under arbeidet for og unngå ureining. Kostnader ved evt. forureining og opprydding etter arbeidet, skal takast av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Det vert nytta gravemaskin for å gjenopna sundet, og gravemaskin og manuelt arbeid til steinarbeidet på kaien. Dette vert vurdert som miljøforsvarlege teknikkar for tiltaket.

§ 48 (dispensasjon frå vernevedtak): Tiltaket med gjenopning av sundet og steinarbeid på eksisterande kai, vert vurdert til og forbetra naturverdiane i verneområdet, og vil i liten grad forringa natur- og kulturlandskapet. Forvaltar har lagt stor vekt på naturverdiane som vert forbetra ved tiltaket, og at området vert tilbakeført til ein tilstand som var før utfylling av sundet, og forskjønning av eksisterande steinkant/steinfylling. På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12,

vrderer forvaltar at tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet, og at det kan gjevast dispensasjon til gjennomføring av tiltaket. Bru over sundet må vurderast av forvaltar og landskapsarkitekt før den vert sett opp.

Arkivsaksnr: 2012/3563-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 23.08.2012

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	20/12	04.09.2012

Stølsheimen landskapsvernopråde - økonomisk støtte til utbetring av buførevegen til Hallsetstølen

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Indrefjorden grunneigarlag inntil kr. 15 000 i økonomisk støtte til utbetring av øydelagt parti av buførevegen til Hallsetstølen. Partiet er ved starten av buførevegen i Indrefjord, utanfor grensa til Stølsheimen landskapsvernopråde. Løyvinga står ved lag ut 2012. Arbeidet må vera gjennomført innan utgangen av 2012 for å få utbetalt tilskotet. Grunneigarlaget sender ein kort rapport med kostnadsoversikt til sekretariatet når arbeidet er gjennomført. Midlane vert dekkja av budsjettpost tiltaksmidlar.

Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 04.09.2012

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar

Vedtak

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Indrefjorden grunneigarlag inntil kr. 15 000 i økonomisk støtte til utbetring av øydelagt parti av buførevegen til Hallsetstølen. Partiet er ved starten av buførevegen i Indrefjord, utanfor grensa til Stølsheimen landskapsvernopråde. Løyvinga står ved lag ut 2012. Arbeidet må vera gjennomført innan utgangen av 2012 for å få utbetalt tilskotet. Grunneigarlaget sender ein kort rapport med kostnadsoversikt til sekretariatet når arbeidet er gjennomført. Midlane vert dekkja av budsjettpost tiltaksmidlar.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om tilskot til utbetring av buføringsveg frå Indrefjord grunneigarlag, datert 22.08.12

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4, 2011

Indrefjord grunneigarlag søker om tilskot til utbetring av øydelagt parti på stølsvegen til fjellstølen i Hallsetdalen. 300 meter av stien i overgangen frå innmark til utmark vart øydelagt i vinter av ras, og er vanskeleg framkomeleg på dette partiet. Grunneigarane har starta oppryddinga av stien. Stien vert nytta til buføring av storfe og sau til beite i Hallsetdalen. Den vert i tillegg mykje nytta av fotturistar som går i Stølsheimen. Stien er ein viktig innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde. Partiet som skal utbetrast ligg utanfor grensa til landskapsvernområde. Grunneigarlaget søker om kr. 15 000 i tilskot til arbeidskostnad og maskinarbeid til utbetringa. Eigeninnsats frå grunneigarane kjem i tillegg.

Vurdering

Partiet på stien som skal utbetrast ligg utanfor Stølsheimen landskapsvernområde, og tiltaket vert difor ikkje vurdert etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Indrefjord er ein viktig innfallsport til Stølsheimen. Forvaltar meiner det er eit godt tiltak og gje økonomisk støtte til, sjølv om område ligg utanfor landskapsvernområde. Buføringsvegen er viktig for å få beitedyr inn i landskapsvernområdet. Beitedyr har stor verdi i landskapsvernområdet for og oppretthalda føremålet med vern av stølslandskapet jf. verneforskrifta pkt. III; «*ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø*». I tillegg er det mange fotturistar som nyttar denne stien både til og frå turar i Stølsheimen.

Oppsynet har kome med framlegg om oppsetting av informasjonstavle for verneområdet i starten av buføringsvegen. Grunneigarlaget er positiv til dette. Forvaltar tek kontakt med oppsynet og grunneigarlaget for og sjå på aktuell plassering av tavla når oppryddingsarbeidet på buføringsvegen er kome i gang.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er godt kjent gjennom rapport om stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (rapport 4, 2011), der det er samla kunnskap om stølsdrift og kulturminne i området. I forvaltningsplanen er stølane og buføringsvegane omtala.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Det er god kunnskapen om området og tiltaket, og føre-var-prinsippet er tillagt liten vekt i denne saka.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Utbering av stien er eit viktig tiltak, og medfører ingen ekstra belastning på området, men ein oppgradering av innfallsporten til landskapsvernområdet.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Tiltakshavar har ansvar for opprydding på plassen etter arbeidet med utbetring av stien er gjennomført. Den økonomiske støtta går til utbetring av stien.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Det må nyttast maskiner i tillegg til manuelt arbeid, for og utbetra stien. Dette vert vurdert som forsvarleg driftsmetode for tiltaket.

Konklusjon:

På bakgrunn av vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12, rår forvaltar verneområdestyret til å løyve inntil kr. 15 000 i økonomisk støtte til tiltaket.



Arkivsaksnr: 2012/3491-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 22.08.2012

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	21/12	04.09.2012

Stølsheimen landskapsvernopråde - namn på verneområdestyret

Innstilling frå forvaltar

Namn på verneområdestyret for Stølsheimen landskapsvernopråde er verneområdestyret for Stølsheimen.

Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 04.09.2012

Handsaming i møte

Styret kom med nytt framlegg til namn på verneområdestyret. Framlegget var Stølsheimen verneområdestyre. Framlegget vart samrøystes vedteke

Vedtak

Namn på verneområdestyret for Stølsheimen landskapsvernopråde er Stølsheimen verneområdestyre.

Saksopplysninger

Verneområdestyret skal vedta namn på verneområdestyre. Namnet som er vedteke er det offisielle namnet på verneområdestyre, og skal nyttast i profilmateriale for verneområde. Profilane for dei norske verneområda vert forvalta av Direktoratet for naturforvaltning.

Arkivsaksnr: 2012/3147-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 23.08.2012

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	22/12	04.09.2012

Stølsheimen landskapsvernopråde - løyve til helikoptertransport av bru til Årekelva

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Bergen Turlag løyve til:

- Landing med helikopter ved Årekelva i Stølsheimen for og transportera materiale til bru over elva. Løyvet til motorferdsel er gjeve på bakgrunn av løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til oppføring av bru (sak 2008/5261). Transporten skal avgrensast til ein dag i tidsrommet 15.09.12 til 01.11.12, med inntil 4 turar.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernopråde pkt. VI nr. 6, og med fylgjande vilkår:

- SNO v/Nils Kvamme (mob. 95730615) skal varslast på førehand. SNO vil opplysa om det må takast spesielle omsyn under helikoptertransporten, og kan om naudsynt krevja at transpoten vert utsett av omsyn til naturmiljø og dyreliv.
- Sekretariatet skal ha rapport innan 01.12.12 om gjennomført transport.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta, og ikkje lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Eigen søknad må sendast Modalen og Vik kommune.

Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 04.09.2012

Handsaming i møte

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar

Vedtak

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Bergen Turlag løyve til:

- Landing med helikopter ved Ålrekvelva i Stølsheimen for og transportera materiale til bru over elva. Løyvet til motorferdsel er gjeve på bakgrunn av løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til oppføring av bru (sak 2008/5261). Transporten skal avgrensast til ein dag i tidsrommet 15.09.12 til 01.11.12, med inntil 4 turar.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 6, og med fylgjande vilkår:

- SNO v/Nils Kvamme (mob. 95730615) skal varslast på førehand. SNO vil opplysa om det må takast spesielle omsyn under helikoptertransporten, og kan om naudsynt krevja at transporten vert utsett av omsyn til naturmiljø og dyreliv.
- Sekretariatet skal ha rapport innan 01.12.12 om gjennomført transport.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta, og ikkje lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Eigen søknad må sendast Modalen og Vik kommune.

Saksopplysninger

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om helikopterløyve frå Bergen Turlag, datert 22.08.12
- Løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til oppføring av bru (sak 2008/5261)

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009

Bergen Turlag har fått løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til omlegging av sti og oppføring av ny bru mellom Ålrekstølen og Solrenningane. I juli i år var det synfaring på stitrase og bruplassering, der representantar frå grunneigarar, SNO, Bergen Turlag og verneområdeforvaltar var med. På synfaringa vart plassering av bru og stitrase fastsett. Bergen Turlag har kjøpt inn materiale til bura, og har planar om å få sett opp brua i haust.

Vurdering

I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er motorferdsel på land og innsjøar, og landing med luftfartøy forbode jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til bruk av naudsynt transport av materiale og utstyr i samband med bygging jf. pkt. VI nr. 6. Forvaltar vurderer transport av materiale og utstyr til brua som naudsynt transport, og meiner det kan gjevast løyve etter verneforskrifta.

Forvaltar vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom rapporten nr. 3 1998, forvaltningsplan for Stølsheimen, og synfaringar i området. Kunnskapen i

området vert vurdert som god, og helikoptertransporten vert ikkje vurdert til å ha store negative konsekvensar for verneverdiane.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Då kunnskapen om området er god, vert føre-var-prinsippet tillagt liten vekt. Det vert likevel gitt vilkår om at transporten kan utsetjast dersom omsyn til natur og dyreliv tilseier det.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Det er i utgangspunktet viktig for forvaltningsstyresmaktene å ta omsyn til dei strenge reglane i høve til motorferdsel. Forvaltar meiner om søkt bruk av helikopter for transport av materiale vil vera den mest skånsame metoden for transport inn i verneområde, og vil medføra belastning på området i ein avgrensa periode. Helikopterturane er avgrensast til det som er naudsynt.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Helikoptertransporten vil ikkje medføra særleg miljøforringingar utover den tida den pågår.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Helikoptertransport vert vurdert som den beste måten og frakta materiale inn i området på, og vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet.

På bakgrunn av samla vurdering, rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til helikoptertransport som om søkt.

Arkivsaksnr: 2012/3055-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 23.08.2012

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	23/12	04.09.2012

Stølsheimen landskapsvernopråde - løyve til landing med helikopter i samband med steinsetting av deler av sti frå Stølsvatnet til Solrenningane

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Bergen Turlag løyve til:

- Landing med helikopter langs stien frå Stølsvatnet til Solrenningane for og transportera stein til steinsetting av turstien.
- Transporten skal avgrensast til naudsynt transport, og gjeld for perioden 04.09.12 til 30.11.12.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernopråde pkt. VI nr. 6, og med fylgjande vilkår:

- Steinlegging og transport skal vera i samråd med SNO v/Nils Kvamme, og i tråd med det som vart avklart på synfaringa på stien 28.06.12 (vår ref. 2012/3055)
- Sekretariatet skal ha rapport innan 31.12.12 om gjennomført transport og steinlegging.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta, og ikkje lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Eigen søknad må sendast Modalen og Høyanger kommune.

Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 04.09.2012

Handsaming i møte

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar

Vedtak

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Bergen Turlag løyve til:

- Landing med helikopter langs stien frå Stølsvatnet til Solrenningane for og transportera stein til steinsetting av turstien.

- Transporten skal avgrensast til naudsynt transport, og gjeld for perioden 04.09.12 til 30.11.12.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 6, og med fylgjande vilkår:

- Steinlegging og transport skal vera i samråd med SNO v/Nils Kvamme, og i tråd med det som vart avklart på synfaringa på stien 28.06.12 (vår ref. 2012/3055)
- Sekretariatet skal ha rapport innan 31.12.12 om gjennomført transport og steinlegging.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta, og ikkje lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Eigen søknad må sendast Modalen og Høyanger kommune.

Saksopplysninger

Dokument som bakgrunn for saka:

- Notat frå synfaring på sti frå Steinslandsstølen til Solrenningane 28.06.2012

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009

Hausten 2011 starta Bergen Turlag arbeidet med steinlegging av parti av turstien frå Stølsvatnet til Solrenningane. Arbeidet vart utført av napalesiske steinmurarar, og i samråd med SNO v/Nils Kvamme. Tiltaket vart støtta av midlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2011, og har fått tilsagn om midlar frå verneområdestyret i 2012.

28. juni i år vart det gjennomført synfaring på stien for og vurdere tilretteleggingstiltaka vidare, og kva tiltak som er best tilpassa området. Med på synfaringa var Karl H. Olsen og Arne-Kristian Teigland frå Bergen Turlag, Nils Kvamme frå SNO, Silje Brekke frå Ortnevik Grunneigarlag og verneområdeforvaltar. Under synfaringa vart det peika ut områder der gamal plank skal bytast ut med ny impregnert plank eller stein, og områder der det er trong for ny tilrettelegging med plank eller stein. Nils Kvamme la inn på kart områda som vart utpeika og lagt inn på GPS i felt. Arbeidet med steinlegging skal gjerast av napalesiske steinmurarar. Der det er mogleg, utan og laga store sår i landskapet, skal lokal stein nyttast som byggemateriale. Bergen turlag har ansvaret for tilrettelegginga av stien i samråd med SNO ved Nils Kvamme. Tilrettelegging av stien med plank eller stein skal avgrensast til det som er naudsynt for ferdsel for enkelt friluftsliv. Det er ikkje nok lokal stein til steinarbeidet, og det må difor fraktast inn stein frå nærområdet utanfor landskapsvernområdet. Denne steinen er planlagt og fraktast inn med helikopter.

Vurdering

I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er motorferdsel på land og innsjøar, og landing med luftfartøy forbode jf. § IV pkt. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til bruk av naudsynt transport av materiale og utstyr i samband med bygging jf. § VI pkt 6. Forvaltar vurderer transport av stein til steinsetting av stien som naudsynt transport, og kan gjevast løyve til etter verneforskrifta.

Forvaltar vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom rapporten nr. 3 1998, forvaltningsplan for Stølsheimen, og synfaringar i området. Kunnskapen i området vert vurdert som god, og helikoptertransporten vert ikkje vurdert til å ha store negative konsekvensar for verneverdiane.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Då kunnskapen om området er god, vert føre-var-prinsippet tillagt liten vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Det er i utgangspunktet viktig for forvaltningsstyresmaktene å ta omsyn til dei strenge reglane i høve til motorferdsel. Forvaltar meiner om søkt bruk av helikopter for transport av stein til turstien vil vera den mest skånsame metoden for transport inn i verneområde, og vil berre medføra belastning på området i ein avgrensa periode. Helikopterturane skal avgrensast til det som er naudsynt.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Helikoptertransporten vil ikkje medføra særleg miljøforringingar utover den tida den på går.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Helikoptertransport vert vurdert som den beste måten og frakta stein inn i området på, og vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet.

På bakgrunn av samla vurdering, rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til helikoptertransport som om søkt.

Arkivsaksnr: 2012/3609-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 24.08.2012

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	24/12	04.09.2012

Stølsheimen landskapsvernopråde - løyve til bygging av utedo/uthus på stølen Rotteskardet

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyre for Stølsheimen gjev Evy og Inge Otterskred løyve til:

- Oppføring av utedo/uthus på stølen Rotteskardet. Uthuset skal plasserast vest for selet, ca 3 til 4 meter frå selet.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen pkt. VI, nr. 2, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Storleiken på uthuset skal vera maksimalt 1,35 meter x 1,40 meter, og inntil 2 meter høgt. Bygget skal setjast opp etter tradisjonelt bygningsmiljø på staden.

Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 04.09.2012

Handsaming i møte

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar

Vedtak

Verneområdestyre for Stølsheimen gjev Evy og Inge Otterskred løyve til:

- Oppføring av utedo/uthus på stølen Rotteskardet. Uthuset skal plasserast vest for selet, ca 3 til 4 meter frå selet.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen pkt. VI, nr. 2, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Storleiken på uthuset skal vera maksimalt 1,35 meter x 1,40 meter, og inntil 2 meter høgt. Bygget skal setjast opp etter tradisjonelt bygningsmiljø på staden.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Evy og Inge Otterskred om oppsetjing av utedo på stølen Skardet, datert 20.08.2012.

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4, 2011

Evy og Inge Otterskred søker om å få setja opp eit uthus med do på stølen Rotteskardet i Stølsheimen Landskapsvernområde. Dei driv gardsbruk på Otterskred i Arnafjorden. Landbruksproduksjonen på garden er sau. Dei brukar stølen Rotteskardet med tilgrensande fjellområde til sauebeite. I tillegg til landsbruksdrifta har dei utleiehytter ved sjøen med 20 sengeplassar.

Rotteskardet er heimestølen til gardane på Otterskred. Den ligg i fjellsida over Arnafjorden, og utgjer eit særmerkt landskapselement i fjellsida ovanfor Otterskred. Stølen er synleg frå fjorden. Det er ein godt vedlikehalde buføreveg opp til stølen. Stølen vert omtalt i rapporten «Spor etter stølsdrift i Stølsheimen», som ein stølen som gjev eit viktig bidrag til mangfaldet i området, og har høg opplevingsverdi for dei som besøker stølen, og for dei som ferdast på fjorden.

Otterskred har tidlegare fått løyve til og setja opp att selet i Rotteskardet (oppført i 1998). Det gamle selet er erstatta med ny bygning. Bygget er i reisverk, med sperretak med torvtak. Selet har innsel og utsel, og er tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden. Uthuset med do er planlagt i storleiken 1,35 m x 1,40 m, og 2 m høgt, kledd med torvtak. Uthuset skal ikkje målast, og vert i same stil som selet. Dei søker om denne storleiken på uthuset for å få litt oppbevaringsplass for utstyr i tillegg til utedo. I uthuset vil dei lagra straumaggregat, motorsak og bensin. Det er ikkje lagerplass inne i selet.

Nils Kvamme frå SNO og forvaltar var på synfaring i Rotteskardet 13. august i år, for og sjå på plassering av om søkt uthus. Evy og Inge Otterskred hadde sett opp eit førebels utedo på nedsida av selet, mot aust. Dei hadde framlegg om og flytta uthuset til baksida av selet. Avstanden mellom selet og uthuset vert om lag tre til fire meter.

Vurdering

Stølen vert nytta i samband med tilsyn av sau på beite. Beiting er det viktigaste tiltaket for og halda stølsområda opne og hindre gjengroing. Verneformålet med Stølsheimen

landskapsvernområde pkt. III er og «*ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjord-landskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske*». Alle inngrep som vesentleg kan endra landskapets art eller karakter er forbode jf. pkt. IV. Verneområdestyret kan gje løyve til oppføring av andre bygg i samband med landbruksdrift jf. pkt. VI, nr. 2.

Otterskred nyttar stølen både i landbruksdrifta og som tilbod i reiselivssamanheng. Eit aktivt landbruk med beitedyr er avgjerande for og vedlikehalda eit vakkert kultur- og stølslandskap. Tilleggsnæringar som reiseliv, er med og styrkjer næringsgrunnlaget på garden, og bidreg til og oppretthalda aktive gardsbruk. Forvaltar vurderer uthuset på stølen som eit nyttig bygg for landbruksdrifta og i reiselivssamanheng. Med den plasseringa som er valt, vert huset lite dominerande i landskapet, og forvaltar meiner det ikkje vil endra landskapsbilde nemneverdig. På den bakgrunn vurderer forvaltar det kan gjevast løyve til oppføring av uthus etter verneforskrifta pkt. VI, nr. 2.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom rapport om stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (rapport 4, 2011), der det er samla kunnskap om stølsdrift og kulturminne i området. I forvaltningsplanen er stølane og buføringsvegane omtala. Kunnskapen om området vert vurdert som god.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Det er god kunnskapen om området og tiltaket, og føre-var-prinsippet er tillagt liten vekt i denne saka.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Uthuset vert tilpassa den lokale byggeskikken i området, og vert ikkje vurdert å gje auka belastning for området.

11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Oppføring av uthuset vil lite truleg føra til miljøforringar, og dette punktet vert difor tillagt liten vekt i denne saka.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Materiale til bygget er frakta opp på stølen frå før, og bygget vert oppført etter vanlege byggemetodar. Arbeidsmetode vert vurdert som miljøforsvarleg.

Konklusjon:

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta for Stølsheimen og naturmangfaldlova §§ 8 til 12, rår forvaltar verneområdestyret til og gje løyve til oppføring av uthus på stølen Rotteskardet.